

---

**Fra:** Eikås, Turid Digernes <fmsfTDI@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** torsdag 1. august 2019 14.32  
**Til:** \*FMVL Postmottak til alle kommunane 2019  
**Emne:** Presisering og korrigerering med omsyn til NMSK - midlar i 2019

Til skogansvarlege i kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland

## **Presisering og korrigerering i samband med tilskot til suppleringsplanting og bruk av NMSK-midlar i 2019**

I brev til kommunane frå Fylkesmannen i Vestland, *Fordeling av tilskot til nærings-og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) 2019*, dagsett 12.02.2019, står det på side fire at det ved suppleringsplanting vert gitt 60% tilskot for kostnaden inntil 50 planter per daa. **Dette tilskotsnivået skal vere 50% og gjeld for kostnaden til all suppleringsplanting.** Vilkåret er at ein følgjer dei tilrådde krava om plantetettleik og bonitet.

I brev frå Landbruksdirektoratet, dagsett 05.03.2019, altså tre veker seinare står dette slik, og vi ber om at ny praksis med 50% tilskot for all suppleringsplanting vert retta opp. Følgjeleg kan all tilskot til all suppleringsplanting løyvast gjennom dei ekstraordinære tilskotsordningane som gjeld klimatiltak som tettare planting, suppleringsplanting og gjødsling! Dette betyr at vi kan nytte ordinære NMSK-midlar til ordinær planting.

**Vi minner om at søknadsfristen for tilskot til tettare planting ved nyplanting og suppleringsplanting som klimatiltak for vårsesongen er 1. august.**

Med venleg helsing

**Merete Larsmon**  
seniorrådgjevar



**Fylkesmannen i Vestland**

Telefon: 57 64 30 82  
Mobil: 971 40 060  
E-post: [fmsfmla@fylkesmannen.no](mailto:fmsfmla@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)